



Norges Vassdrags- og energidirektorat Region Vest  
Naustdalsvegen 1B

6800 FØRDE

## **Luster kommune - Tørvi mikrokraftverk i Tverrelva - kulturminnefagleg fråsegn**

Vi viser til melding om bygging av Tørvi mikrokraftverk i Luster kommune.

### **Automatisk freda kulturminne**

Oppføring av kraftverket vil medføre inngrep i dyrka mark. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det føreligg eit potensiale for å gjere funn av automatisk freda kulturminne i tiltaksområde. Det kan vere førhistoriske busetjingsspor, dyrkingsspor eller gravminne.

Vi finn derfor grunnlag for å stille krav til gjennomføring av ei arkeologisk registrering. Registreringa skal oppfylle tiltakshavarar undersøkingsplikt jf. lov om kulturminne § 9. Jf. § 9 er tiltakshavar ved større offentlege og private tiltak pliktig til å undersøke om tiltaket kan råke automatisk freda kulturminne.

Kostnader til gjennomføring av registreringa skal jf. kulturminnelova § 10 dekkast av tiltakshavar.

Registreringa vil verte gjennomføra ved maskinell sjaking og ved overflateregistrering og kan berre gjennomførast på bar og telefri grunn.

Før arbeide kan starte må tiltakshavar ha:

Godkjend kostnadsoverslag (vert ettersend).

Ordna med graveløyve og kabelpåvising ved behov.

Ordne med gravemaskin, frå 13 tonn og oppover utstyrt med pusseskjer og rotortilt.

Vi gjer merksam på at tiltak ikkje kan setjast i verk før endeleg uttale frå fylkeskommunen, med bakgrunn i gjennomføra registrering føreligg.

Vi ber tiltakshavar ta kontakt med Nærings og kulturavdelinga for å nærare avklare tidspunkt for gjennomføring av registreringa.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
Ass. fylkesdirektør

Glenn Heine Orkelbog  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift* Mottakar (ar)

Norges Vassdrags- og energidirektorat Region Vest Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE